Fyresdal kommune

Møteinnkalling

Utval:	**Formannskap**
Møtestad:	Hamaren Fyresdal Næringshage
Dato:	05.06.2019
Tid:	08:30

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 20/19	Referatsaker	
RS 13/19	Orientering frå administrasjonen	
RS 14/19	Økonomigjennomgang	
RS 15/19	Nasjonale planar for vindmølleparkar	
PS 21/19	Økonomirapportering pr. 1. mai 2019 - rådmannen sitt ansvar	
PS 22/19	Økonomirapportering pr. 01.05. - finans	
PS 23/19	Økonomirapportering pr 01.05.19 - avdeling fellestenester	
PS 24/19	Fyresdal kommune - årsmelding 2018	
PS 25/19	Rekneskap 2018 - Fyresdal kommune	
PS 26/19	Etablering av Vestfold og Telemark revisjon IKS	
PS 27/19	Avskriving av uinndriveleg restanse	X
PS 28/19	Søknad om tilskot-Alpakka Fyresdal	
PS 29/19	Moland Mekaniske AS - søknad om tilskot	

Fyresdal 28. mai 2019

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 20/19 Referatsaker

RS 13/19 Orientering frå administrasjonen

RS 14/19 Økonomigjennomgang

RS 15/19 Nasjonale planar for vindmølleparkar

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2019/731-1
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 22.05.2019

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 1. mai 2019 - rådmannen sitt ansvar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	21/19	05.06.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:
Rekneskapsrapport frå økonomisystemet

Bakgrunn for saka:
I økonomireglementet står det:
Avdelingsleiarane skal minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022: ...vi brukar det økonomiske handlingsrommet.

Prosjekt:

- Omstillingskommuneprogrammet:
  Her har ein fått kr 2,3 millionar i statlege midlar og vi må då stille med 25% egenandel, som utgjer 575.000,-. Etter tidlegare vedtak i kommunestyret der det er løyvd kr 400.000,-, må det løyvast kr 175.000,- i tillegg for 2019 med dekning frå næringsfondsmidlar.
- Bygg i Tre:
  Det er også i år løyvd kr 475.000,- frå staten til å vidareføre dette prosjektet i 2019. Silva Consult AS vert leigd inn som prosjektleiar

Administrativt næringsarbeid:
I tråd med budsjett

Sysselsetting:
I tråd med budsjett.

Rekrutering:
Her er det ekstrautgifter i samband med rekrutering av bl.a. ny rådmann. Allereie nå er det bruka omlag 70.000,- over totalt budsjett for heile året. Ein må forvente at det vil påløpe ytterlegare utgifter utover året.

Sosiale tenester:
Noko høge utgifter til kvalifiseringsstønad.
Økonomisk sosialhjelp ligg i tråd med budsjett.

Avdelingsleiar helse og omsorg ligg inn i denne ramma nå men bør flyttast over til avdeling for helse og omsorg. Her er det noko innsparte lønsmidlar i år.

Barnevern:
I tråd med budsjett.

Integrering:
I tråd med nettobudsjett. Må nedjusterast noko både på utgifts- og inntektssida.

Folkehelse:
I tråd med budsjett.

Konklusjon:
Stort sett i tråd med budsjett med nokre avvik som ein må justere for.
Det må løyvast meir midlar til omstillingskommunerprogrammet, budsjett for avdelingsleiar helse og omsorg bør flyttast til avdeling for helse og omsorg og ein må auke budsjettet for rekrutering.

Innstilling frå rådmannen:

Økonomirapporten for rådmannen sitt ansvar pr. 1. mai vert teken til vitande.
Formannskapet ber kommunestyret om endring i nettoramma på fylgjande punkt:

- Omstillingskommuneprogrammet – auk i ramma med kr 175.000,-
- Avdelingsleiar helse og omsorg – reduksjon i ramma med kr 800.000,-

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Kjersti Bergland
	økonomi- og plansjef

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2019/733-1
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 22.05.2019

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.05. - finans

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	22/19	05.06.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:
Utskrift frå økonomisystemet

Bakgrunn for saka:
I økonomireglementet står det fylgjande:
Avdelingsleiarane skal minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022: ...vi brukar det økonomiske handlingsromet.

Næringsfondet:
Det er løyvd omlag 75% av årets ramme.
Slik det ser ut på prognosene for sal av konsesjonskraft vil inntektene ligge omlag ein million over budsjett for 2019.

Skatt:
Skatteinngang omlag som fjoråret mens det på landsbasis har ein vekst på 4.4%.
Eigedomsskatt ligg omlag 400.000,- under årsbudsjett. Her har det kome endringar frå tidlegare år som har gjeve oss meirinntekter.

Rammetilskot:
I tråd med budsjett så langt. Kan bli avvik i forhold til skatteinngang på årsbasis.

Renter og avdrag:
Signal på at det kan bli noko meir inntekter enn budsjettera på utbytte.
Ellers i tråd med budsjett og betalingsplan

Konklusjon:
Stort sett i tråd med budsjett.
Signal og prognoser om at vi kan pårekne ekstrainntekter utover budsjett, både på utbytte og konsesjonskraftsalg, men dette er foreløpig usikkert og ein vil vente med å justere budsjettet.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 01.05. for finansområdet vert teken til vitande.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Kjersti Bergland
	økonomi- og plansjef

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2019/671-1
Saksbeh.: Grethe Lassemo
Dato: 21.05.2019

Saksframlegg

Økonomirapportering pr 01.05.19 - avdeling fellestenester

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	23/19	05.06.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:
Utskrift frå Agresso økonomi pr 30.04.19.

Bakgrunn for saka:
Formannskapet skal ha økonomirapport 01.mai.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022.. vi brukar det økonomiske handlingsromet.

Avdeling	Rekneskap	Budsjett	Underforbruk	Overforbruk
	01.05.2019	**01.05.2019**		
Kommunestyret	478 573	480 808	2 235	
Formannskapet	110 246	169 599	59 352	
OKO-utvalet	53 779	48 314		5 465
PM-utvalet	24 163	20 992		3 171
Kontrollutvalet/Revisjon	293 384	190 390		102 995
Andre utval og nemnder	48 159	52 312	4 153	
Val	19 651	14 328		5 323
Fellestenester	3 076 364	3 169 292	92 928	
IT-drift	1 154 528	488 746		665 782
Andre fellestenester	2 041 629	1 876 378		165 251
SUM	**7 300 476**	**6 511 157**	**158 668**	**947 987**

Alle utval:
Lønsutgifter: Godtgjerslene til folkevalgte er underbudsjettert og det visest nå.
Dette blei påpeikt i budsjettprosessen sist haust.

Driftsutgifter: Overforbruk på kontrollutval/revisjon skuldas periodisering så tidleg på året. Kjøp frå IKS betalt ut juni.

Avdeling fellestenester:
Lønsutgifter: Innsparing på løn grunna ledighet i heimlar.
Driftsutgifter: OK. Overforbruk på konsulenttenester skuldas innleige av lederstøtte og Evry tenester.

IT-drift
Overforbruk skuldas auk i faste driftsutgifter med leverandørar av ulike dataløysingar som gjeld for heile kommunen.
Her vil vi mest truleg gå på overforbruk ut året, dette var meldt i budsjettprosessen.

Andre fellestenester:
Overforbruk skuldas og her auk i faste utgifter som eks IKA Kongsberg som ikkje er auka i budsjettet.

Konklusjon:
Sektoren har eit overforbruk på kr 789 319,- pr 01.05.19.
Periodisering, utgiftene til felles IT-drift, avgifter og lisensar er hovudårsakane.
Noko av overforbruket blir dekt av ledige lønsmidlar, det vil nok uansett truleg gå i overforbruk i avdelinga dette året.
Det har vore innsparing i 50 % heimel i vår, dette kan ikkje fortsette då arbeidspresset er for stort, fleksitida for høg og servicen blir ikkje god nok lengre.
Det bør takast eit lyft i budsjettprosessen i år for å få realistiske budsjett på faste utgifter.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr 1.mai 2019 i avdeling fellestenester blir teke til vitande.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar

Fyresdal kommune

Arkiv: 200
Saksmappe: 2019/120-19
Saksbeh.: Grethe Lassemo
Dato: 13.05.2019

Saksframlegg

Fyresdal kommune - årsmelding 2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	15/19	21.05.2019
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	7/19	04.06.2019
Formannskap	24/19	05.06.2019
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	23/19	06.06.2019
Kommunestyret	33/19	13.06.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Vedlegg:
1 Årsmelding 2018 Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:
I § 10 i forskrift om årsregnskap og årsberetning heiter det:
"Årsberetningen skal vedtas av kommunestyret selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.
Administrasjonssjefen utarbeider årsberetning, og fremmer denne for det organ kommunestyret bestemmer. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret samtidig med at årsregnskapet skal behandles."

Vurdering:
Kontrollutvalet har fått oversendt årsmeldinga slik at denne føreligg når dei gje uttale til årsrekneskapen. Årsmeldinga sendas utval og råd for drøfting og behandling før endeleg behandling i kommunestyret.
Kostra tabellane er ufullstendige då SSB har lagt om tabellstrukturen.

Konklusjon:
Årsmeldinga inneheld dei opplysningane rådmannen vurderer som naudsynte for evaluering av drifta i Fyresdal kommune i 2018.

Innstilling frå rådmannen:

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 21.05.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 21.05.2019

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 04.06.2019

Årsmelding for Fyresdal kommune 2018 blir teken til vitande.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar

Fyresdal kommune

Årsmelding
2018



«Vi ser ei positiv utvikling i kommunen med stigande husdyrtal»

Innhald

Fyresdal kommune 3
- **Politisk organisasjonskart 31.12.18** 4
- **Interkommunale samarbeidsprosjekt** 5
- **Administrativt organisasjonskart 01.01.18** 6
- **Administrativt organisasjonskart 31.12.18** 6
- **Sosialtenesta/NAV** 7
- **Næring og reiseliv** 8
  - **Næringsarbeid/næringsfond** 8
  - **Reiseliv** 9
- **Personalarbeid i Fyresdal kommune** 10
- **Sektor for økonomi og fellestenester** 12
  - **Økonomi** 12
  - **Hovudtal rekneskap** 12
  - **Kostra** 13
  - **Finansrapportering** 15
  - **Avdeling fellestenester** 16
- **Sektor for kultur og oppvekst** 17
  - **Økonomi** 17
  - **Gimle skule** 18
  - **Barnehagen** 20
  - **Kultur** 21
- **Sektor for helse og omsorg** 23
  - **Økonomi** 23
  - **Avdeling kjøkken og vaskeri** 24
  - **Avdeling pleie og omsorg** 24
  - **Avdeling helse** 25
- **Sektor for plan og teknikk** 27
  - **Økonomi** 27
  - **Tilskot** 28
  - **Statistikk administrativ aktivitet** 29
  - **Byggforvaltning og uteareal** 29
  - **Reinhald** 29
  - **Vassforsyning** 30
  - **Reinseanlegg/avløp** 30
  - **Brann og feiing** 30
  - **Renovasjon** 30
  - **Jordbruk** 31
  - **Skogbruk** 32
  - **Utmark** 32

FYRESDAL – GJER DRAUMEN LEVANDE

Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.

Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.

Arealforvaltninga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.

Helse og omsorg med helsefremmande, førebyggande arbeid og gode levekår for alle.

Kultur og oppvekst skal spele ei nykelrolle i utvikling av kommunen.

Arbeide for å sikre gode kommunikasjons- og samferdselsårer i Vest - Telemark.

Fyresdal kommune skal vere blant dei beste i landet på folkehelse.

Folketalet har minka med 34 innbyggjarar bare det seiste året, frå 1320 til 1286 innbyggjarar. Trass i ein iherdig innsats med betydeleg ressursbruk har ein ikkje klart å snu trenden. Dette er tidkrevjande arbeid som må halde fram og heile tida evaluerast.

Ein kombinasjon av å skape nye arbeidsplassar, take vare på eksisterande arbeidsplassar samtidig som ein bygger godt omdøme med at Fyresdal er ein god stad å bu og virke i bør vere strategien. I tillegg vil fortsatt gode kommunale tenester med eit breitt engasjement og involvering av innbyggjarane vere viktig. Alt heng i hop og framtidig innsats må balanserast og rettast mot fleire område.
Arbeidsløysa er fortsatt låg og har trass i mange arbeidsutfordringar siste år ytterlegare gått ned til 2,2 %. Dette fortel oss at våre eigne innbyggjarar er flinke til å halde seg i arbeid i og utanfor kommunen, men trass i at det blir etablert nye arbeidsplassar står ikkje innflyttinga i forhold til det.

Meirforbruket på 2,6 mill. kr i fellestenesta skuldast stort sett premieavviket som syner seg å vere vanskeleg å berekne. For kultur og oppvekst har det blitt eit mindreforbruk på 840 000 kr. Dette skuldast i sær ekstraordinære inntekter.
For plan og teknikk er det også eit mindreforbruk på omlag 1.4 mill. kr. Dette skuldast også meirinntekter og noko bruk av fondsmidlar.
Den store utfordringa er som «vanleg» omsorg med eit meirforbruk på 3,9 mill. kroner. Her har det vore eit «normalt» driftsår utan store uforutsette hendingar. Ein har forventningar til at innført årsturnus kan føre til betre kontroll og at meirforbruket må bli mindre. Ein del av meirforbruket er relatert til overtidsutbetalingar og forskuva arbeidstid.

Vi har gjennomført ei omorganisering. Kommunalsjefnivået blei tatt bort og erstatta med ei stilling som assisterande rådmann og ei styrking og endring i avdelingsleiarnivået. Tilsettingar blei gjort seinhaustes og ny organisasjon var ikkje operativ ved årets slutt. Talet på stillingar i organisasjonen har dei siste åra gått ned samtidig som nye oppgåver blir tilført eksternt.

Sjukefråværet er på 7,22 % som er ein oppgang på 1,10 % frå siste år. Om dette kan ha samanheng med omorganiseringa, eller aller helst bare naturlege svingingar, veit vi ikkje.

Ny G/S-veg blei bygd frå Skogtun og til Prestegardsvegen.
Da har vi ei samanhengande trafikkåre for mjuke trafikantar som er bra sett i forhold til trafikktryggleik. Ved å sjå dette i samanheng med Hamaren Aktivitetspark og utviding av denne har kommunen gjort eit stort grep som folkehelsekommune. På slutten av året blei det gjort vedtak om å prøve å bygge fleirbrukshall på nytt. Lykkast ein med dette har kommunen ei gjennomgåande ny og moderne bygningsmasse.

Gjennom skogbrann og andre hendingar blei beredskapen i kommunen sett på prøve. Det er ingen tvil om at denne fungerte svært godt i praksis, men kommunen sine rutinar og internkontroll er ikkje dokumentert godt nok.

Fyresdal kommune fekk gjennomslag for å bygge ut for breiband i heile kommunen og får overført statleg tilskot. Dette er eit viktig arbeid for å sikre busetjing i alle delar av kommunen.
Det blei avklart at Fyresdal kommune ikkje lenger skulle vere integreringskommune og for første gong på mange år fekk ikkje kommunen tildelt flyktningar.

Den nye regionen byrja å ta form og Vestfold og Telemark fylke etablert med formell samanslåing frå 2020. Fylkesmannen fekk ved årslutt nytt kontor i Tønsberg.


Nye rundar med forslag om å slå saman kommunar er varsla. Sjølv om ikkje tvang blir brukt kjem det til nye oppgåver som det er vanskeleg å løyse med dagens kommunestruktur.
Det er ikkje lett å etablere nye kommunesamarbeid regionalt og Fyresdal valte å ikkje gå inn i eit samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark om felles NAV-kontor og heller ikkje delta i vidare innkjøpssamarbeid.

Reduksjon i folketal med tilsvarande avkorting i rammeoverføringar eller nasjonale føringar som gjer det vanskelegare for små kommunar generelt er to alvorlege hendingar som kommunen kan kome til å måtte stå i, sa rådmannen i forordet til årsmeldinga i fjor. *Nå står vi der.*

Rådmannen vil især takke dei tilsette og tillitsvalde i organisasjonen som trass i omorganisering, endring i arbeidsoppgåver og færre folk til å løyse fleire og meir kompliserte oppgåver står på 24/7.

Ketil Kiland
Rådmann

Politisk organisasjonskart 31.12.18



Kommunestyret er samansett av 17 representantar.
10 frå Arbeiderpartiet, 7 frå Senterpartiet.
10 menn og 7 kvinner.


Utvalssaker i 2018

Utval	2016	2017	2018
Kommunestyret	98	58	96
Formannskapet	55	35	58
Administrasjonsutvalet	16	13	26
Hovudutvalet for oppvekst, helse og omsorg	51	46	53
Hovudutvalet for plan og miljø	58	50	48
Klagenemnda	-	1	-
REMNF	27	15	22
Valstyret	-	6	-
Valnemnda	11	5	4
Skattetakstnemnda for eigedomsskatt		12	1
Arbeidsmiljøutvalet	18	14	18
Kontrollutvalet	32	31	29


Interkommunale samarbeidsprosjekt

Samarbeidsprosjekt	Organisasjonsform	Deltakarar	Kommunen sin representant pr. 31.12.2018
Renovest – styret 2015-2019	IKS	Seljord, Vinje, Kviteseid, Tokke, Fyresdal	John Kjell Lien
Renovest – representantskapen 2015-2019			Ordførar Thor Inge Levang
Barnevernsamarbeidet	Kviteseid er vertskommune	Vest-Telemarkkommunane	
Pedagogisk Psykologisk Teneste, PPT	IKS	Vest-Telemarkkommunane + Fylkeskommunen	
Legevaktsamarbeidet i Arendal – Samarbeidsutvalet for legevakt 2015-2019	Arendal er vertskommune	Nissedal og Fyresdal + kommunar frå Agder	Anne Serine Nærum
Vest-Telemark Brannvesen	IKS	Vest-Telemarkkommunane	Nils Kristian Moe
Interkommunalt arkiv, IKA Kongsberg – representantskapen i IKA 2015-2019	IKS	Kommunar og fylkeskommunar i Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV)	Svein O Slyngstad
Vest-Telemark Tinget 2015-2019		Vest-Telemarkkommunane	Ordførar, varaordføraren, Kjell Sverre Thoresen, rådmannen
Telemark kommunerevisjon 2015-2019	IKS	Kommunane i Telemark	Nils Vidar Pettersen
Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat – representantskapen 2015-2019	IKS	Kommunane i Telemark	Nils Kristian Moe
Krisesenteret i Telemark	Skien er vertskommune	Alle i Telemark, bortsett frå Notodden	

Administrativt organisasjonskart 01.01.18



Administrativt organisasjonskart 31.12.18



Sosialtenesta/NAV

Det har vore 3 heile stillingar i NAV Fyresdal, to stat og ei kommunalt betalt stilling.
Det blei varsla i oktober -17 at staten kom til å ta ned ei stilling ved kontoret frå 2018.
Frå 01.04.18 redusera staten sin stillingsdel frå 2 til 1,4.

Hovudoppgåva til NAV er «FLEIRE I ARBEID OG AKTIVITET».
Arbeidsløysa i Fyresdal og elles i Vest-Telemark har vore i snitt låg også i 2018.
I starten av året var vi nest høgast i Telemark med 3,6 %. Dette har nå flata meir ut i løpet av året.
NAV har eit godt samarbeid med det lokale næringsliv.

Fyresdal har hatt ein liten auke i utbetalingane i økonomisk sosialhjelp frå 2017 til 2018.

	2016	2017	2018
Samla stønad	1 164 406,-	865 594,-	940 234,-
Bidrag	1 158 406,-	838 454,-	872 633,-
Lån	6 000,-	27 500,-	67 601,-

	2016	2017	2018
Mottakarar av tenester etter Lov om sosiale tenester	33	26	23
Administrative vedtak etter Lov om sosiale tenester	107	112	93
Mottakarar av økonomisk sosialstønad	33	26	23

Integrering

Ved årsskifte hadde vi 54 personar med flyktningbakgrunn buande i kommunen.
20 av desse er elevar på Gimle og 7 er elevar ved vidaregåande skule eller lærling.

Telemark Lys har ansvar for introduksjonsprogrammet og ved utgangen av 2018 hadde vi 8 deltakarar.
Dei får opplæring i norsk, samfunnskunnskap, norsk arbeidsliv og språkpraksis ved Telemark lys, kommunen eller eksterne bedrifter.

Sal- og skjenkeløyve

Det er fem skjenkeløyver og tre salsløyver i kommunen.
Det har ikkje vore avvik når det gjeld skjenkekontrollen.

Omsett mengde i liter	2015	2016	2017
Sal øl/rusbrus	66 858	62 541	64 267
Skjenking øl/rusbrus	4 009	4 048	4 437
Skjenking vin	579	329	432
Skjenking brennevin	122	65	82

Kvalifiseringsprogrammet

Kommunen held fram med å nytte tildela midlar til kvalifiseringsprogrammet i NAV.
Kvalifiseringsprogrammet skal nyttast til dei som gjeng på sosialstønad, eller er i fare for å kome over på sosialstønad.
Målet må vere arbeid. Kvalifiseringsprogrammet kan ikkje kombinerast med utdanning.

Programmet skal vera på 37,5 timar kvar veke.

	2016	2017	2018
Forbruk	66 172	201 970	412 076

Næring og reiseliv

Mål

- Skape nye arbeidsplassar gjennom etablering av nye verksemder og utvikling av eksisterande, ved sterk fokus på gjennomføring av omstillingskommuneprogrammet.
- Utvikling av bustader for både tilflyttarar og fastbuande, gjennom tilrettelegging av attraktive tomter.

Næringsarbeid/næringsfond

Frå det kommunale næringsfondet er det løyvd midlar til entreprenørskapsaktivitetar i grunnskulen, driftstilskot til Fyresdal Næringshage, prosjektmidlar til Vandre Telemark, og eigendel til igangsetting av Omstillingsprogrammet. Utanfor eigen kommune er det gitt driftstilskot til Vest-Telemarkrådet, Haukelivegen og til kjøp av aksjar i Telemark Næringshage.

	2014	2015	2016	2017	2018
Tal saker	20	12	16	6	21
Sum utbetaling	1 842 400	1 832 000	1 998 501	1 012 000	3 261 500
Gjennomsnitt pr. sak	92 120	152 667	124 906	168 667	155 000

Det har vore eit aktivt år for næringsfondet med mange saker. Det er bra og vitnar om breitt næringsengasjement i kommunen. I tillegg til denne satsinga har omstillingsstyret hatt sitt første heile år i drift og legg fram si eiga årsmelding.

Næringssjefen slutta i stillinga i slutten av april og det blei ikkje tilsett ny. Oppgåver blei fordelt på fleire i fellesadministrasjonen. Lønsmidlane som høyrde til denne stillinga blei overført Fyresdal Næringshage for tre år, for utvikling av Næringshagen som kompetansearbeidsplass.


Stor aktivitet på flyplassen også i år. Spesielt for året var stemnet til Fyresdal Motorsportsklubb som markerte 40 år sidan det første Dragrace-stemnet.

Det er og verdt å merke seg at Fyresdal kommune gjekk inn på eigarsida til Moland Mekaniske etter å ha kjøpt bygningsmasse, oppgradera denne og gitt tilskot til oppgradering av maskiner og utstyr.

Tilskot frå næringsfondet gjennom året:

Jordbruk	523 000,-
Fyresdal Næringshage - grûnderpakke/utvikling	900 000,-
Utviding av Hamaren Aktivitetspark	300 000,-
Omstillingskommuneprogrammet	540 000,-
Verksemder	895 000,-
Andre tilskot	103 500,-
Sum løyvd	kr 3 261 500,-

Ordninga med lønstilskot for sommararbeid for skuleungdom held fram.
Det blei utbetala tilskot på kr 171 500,- fordelt på 40 ungdommar.
Ein nedgang på 7 ungdomar frå førre året.



Reiseliv

Turistinformasjonen i Fyresdal blir framleis drive av Sporten Fyresdal, og driftsavtala gjeld fram til og med 2020. Ordninga fungerer godt for både turistar, hyttefolk og for kommunen som oppdragsgjevar.

Fyresdal kommune er aksjonær i Visit Telemark AS som har ansvaret for dei offisielle nettsidene for reiser i Telemark. Dette gir rom for våre eigne bedrifter til å marknadsføre seg og for kommunen til å syne seg som ein attraktiv stad å reise til.

	2016	2017	2018
Besøkstal på turistinformasjonen, juni, juli og august	902	755	668

Rapport frå turistinformasjonen i sesongen:

- Hamaren er ein attraktiv plass.
- Toppturar er populært og mange av dei som er på Fyresdal kurs- og leirstad er med.
- Det har kome forslag om sykkelløyper.
- Vi har større besøk frå nabobygdene nå.
- Større etterspørsel etter overnatting.
- Sesongen i år har vore ein bra og varm sesong.

Hamaren Aktivitetspark

Hamaren Aktivitetspark har blitt ein enorm suksess. Aktivitetsparken trekker mange til Fyresdal for å sjå og oppleve det flotte området.

Bygdefolk nyttar parken til rekreasjon og trening.

Skulen og barnehagen nyttar området til læring og mestring.

Det blei bestemt å utvikle parken vidare. Kommunen fekk 4 millionar kroner frå Kulturdepartementet for å utvikle Kjeøyni som ein del av parken.



Personalarbeid i Fyresdal kommune

Inkluderande Arbeidsliv (IA)
IA-avtala gjeld for perioden 2014-2018.

Hovudpunkta i IA-handlingsplanen for Fyresdal kommune:
1. Redusere sjukefråværet til under 6 %.
2. Auke sysselsetjinga av personar med redusert arbeidsevne.
3. Auke avgangsalder.

Måloppnåing:
1. Sjukefråvær – 7,22 %.
2. Som tidlegare år ingen nye tilsette med redusert arbeidsevne, men vi er flinke til å legge til rette for tilsette med redusert arbeidsevne.
3. Snittavgangsalder er 65 år.

Verneombod og tillitsvalde
Verneomboda og tillitsvalde har møte med rådmannen og personalkonsulenten ein gong i månaden. I tillegg har dei ulike sektorane jamlege møte med plasstillitsvalde og verneombod.

Seniorpolitikk
Vi har ei ordning med 2 veker fri med løn for tilsette over 64 år. Totalt blei det teke ut 36 fridagar av tilsette over 64 år.

Nærværsmøte
Det har vore eit nærværsmøte på NAV i løpet av året.
Intensjonen er at alle aktørane i oppfylgingsarbeidet saman kjem fram til gode løysingar i kvar enkelt sak.

Det har og vore dialogmøter.

Fysisk aktivitet
Ordninga med personaltrim heldt fram, men då ordninga med gåvekort blei teken bort har talet på tilsette som leverte aktivitetskort blitt vesentleg redusert, bare 5 tilsette har levert aktivitetskort med meir enn 100 treningsøkter.
Samla refusjon av treningsavgift er på kr 7 100,-.

Tilsette kan nytte bassenget gratis onsdag ettermiddag.
Tilsette har rett til 45 minutt fri pr. veke i arbeidstida til trening.
Det føreligg ikkje oversikt frå dei ymse avdelingane over bruken av denne ordninga. Inntrykket er at den bare i liten grad er nytta.

AMU
Det blei halde 5 møte.

Faste saker:
- Status sjukefråvær
- Orientering om HMS-arbeid
- Økonomi
- Totaloversikt heimlar

Referatsaker som er lagt fram:
- Utkast til møteplan
- Avviksmeldingar/samleskjema
- Årleg rapportering HMS
- Årsrapport Bedriftshelsen AS

Saker som er behandla:
- Val av tilsettes representantar i AMU
- Omorganisering av administrativt leiarnivå
- Plan for bruk av Bedriftshelsen AS 2018
- Årsmelding 2017 Fyresdal kommune
- Økonomiplan 2019–2022 og årsbudsjett 2019
- Ny samansetning av AMU
- Opplæringsplanen 2018
- HMS Årshjul 2018
- Val av leiar og nestleiar for 2018

Tilrettelegging
Fleire tilsette har hatt tilrettelegging i sin arbeidssituasjon i løpet av året.
Vi legg til rette så langt det let seg gjere, men er bevisste på at det ikkje skal gå ut over andre tilsette sin arbeidssituasjon.
Dei fleste har kome tilbake til eiga stilling etter tilrettelegging, nokre har fått redusert stilling og andre gått over på yting frå NAV.

Opplæring
Vi har ikkje bedt om opplæringsbehov frå dei ulike sektorane.
AMU gjorde vedtak om å fordele sin pott på dei ulike sektorane ut ifrå talet på årsverk.

Sektor/ avd.	Ant. årsv erk	Årsv erk i %	Opplæri ngs-midlar
Helse /omsorg	60	43	150 500
Kultur/opp vekst	51	36	126 000
Plan/ teknikk	18	13	45 500
Økonomi/ felles	11	8	28 000
SUM	140	100	350 000

Lærlingar
Vi har hatt to lærlingar i helsearbeidarfaget og ein i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Likestilling
Ved tilsettingar blir det, om søkjarane elles stiller likt, prioritert menn i kvinnedominerte yrke og kvinner i mannsdominerte yrke.
Ved lokale lønsforhandlingar prøver vi også å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling.

Fråvær
Mål
- Sjukefråvær under 6 %
- 60 % av dei som har korte sjukefråvær, 1–16 dagar, brukar eigenmelding og ikkje sjukemelding.

	2016	2017	2018
Totalt fråvær	7,09 %	6,12 %	7,22 %

Ein kan spesielt nemne eit svært lågt sjukefråvær i reinhald, drift og vedlikehald med bare 2,43 % og Gimle skule med 3,53 %. Noko høgare ligg pleie- og omsorgssenteret med 9,19 %, barnehagen med 10,19 % og legesenteret med 13,92 %.

Statistikk
Vi har lyst ut 53 ledige stillingar (faste og vikariat), inkludert ferievikarar.

Ein tilsett har hatt 25 års teneste i kommunen, og 5 har gått av med pensjon. Desse med fylje blei invitert til ei markering med utdeling av gåvekort på Kvipt.

KLP	2015	2016	2017	2018
Tal årsverk	137	134	139	138
Tal tilsette	180	195	198	194
Del kvinner i %	83,9	81,4	81,5	81,5
Snittalder	45,6	46,2	45,1	46
Gj.snitt deltid i %		68,6	69,4	66,9
Avgangsalder	65,3	65,8	64,4	65

SPK	2017	2018
Tal årsverk	23,11	21,99
Tal tilsette	27	25
Del kvinner i %	85,2 (23 av 27)	88,0 (22 av 25)
Snittalder	44,9	47
Gj.snitt deltid i %	85,6	87,96

Bedriftshelseteneste
Vi har avtale med Bedriftshelsen AS. Bedriftshelsetenesta har ei fri og uavhengig rolle, og er ein del av organisasjonen si kvalitetssikring av HMS-arbeidet.
Alle tilsette er tilmeldt i ordninga.

Betalingsordninga er basert på ein fastpris per tilmeldt og tillegg for oppdrag, time for time.
I fastprisen ligg ein kontakt per tilsett per år der den enkelte kan ta kontakt for hjelp/rådgjeving utan at arbeidsgjevar blir fakturert for dette.

Intensjonen er at handlingsplanen skal stette måla som ligg til grunn i IA-avtala og sikre at krava som ligg i arbeidsmiljølova blir møtt.
Hovudpunkta i handlingsplanen for 2018:
1. Bedriftshelsen deltek i arbeidsmiljøutvalet (AMU) etter innkalling. Dei deltek og i dialogmøta etter avtale.
2. Målretta helsekontroll der det er krav om dette, eller der dette blir vurdert som hensiktsmessig
3. Behov for arbeidsmiljøkartleggingar blir vurdera årleg
4. Rådgjeving i førebygging av/oppfylging ved sjukefråvær

Oppdrag som er utført i perioden:
- Helsekontroll røykdykkarar i brannmannskap
- Deltaking i AMU-møte
- Deltaking i sjukeoppfylgingssaker
- Utarbeiding av årsrapport


Kostnad ved ordninga:
Medlemsavgift kr 157 250,-
Fakturerbar tid kr 211 897,-
Sum kr 369 147,-

Sektor for økonomi og fellestenester

Økonomi

Premieavviket blei 2,8 millionar mindre enn budsjettera og utgjer heile overforbruket på fellestenester.


Vi har i år endra på rekneskapsføringa av inntekter ved sal av konsesjonskraft, noko som utgjorde ein auk i inntektene på 4,1 millionar. Dette var meir enn vi hadde budsjettera med og det resultera i at vi fekk eit mindreforbruk på totalrekneskapen på omlag ein million kroner.



	2016	2017	2018
Utgift	17 695	22 121	21 517
Inntekt	4 745	7 593	7 495

Hovudtal rekneskap

Ansvar	Opprinneleg budsjett				Justera budsjett				Regnskap			
	Løn	Driftsutg.	Inntekt	Netto	Løn	Driftsutg.	Inntekt	Netto	Løn	Driftsutg.	Inntekt	Netto
Fellestenester	8866	9272	3197	14941	5665	9430	3677	11418	8856	12661	7495	14022
Helse/Omsorg	46524	13098	17232	42390	48675	13348	17332	44691	50557	18683	20674	48566
Kultur og oppvekst	34523	7347	5881	35989	35951	7553	6589	36915	36424	8852	9201	36075
Plan og teknikk	12780	16285	14870	14195	13030	16685	15224	14491	13397	18728	19021	13104
Felles	0	20022	127537	-107515	0	21122	128637	-107515	0	26383	138150	-111767
	102693	66024	168717	0	103321	68138	171459	0	109234	85307	194541	0



Kostra
Grunnlagsdata for 2018
Her blir det presentert ei samanlikning med oss sjølv gjennom tre år. Fyresdal er i gruppe 6 som er små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggar og høge frie disponible inntekter
Fyresdal har lågt innbyggartal og i samanlikning med andre kjem vi jamt over ut med høgare tal på grunn av at vi har få innbyggarar å dele utgiftene på.

Finansielle nøkkeltal - http://www.ssb.no/kostra/	**Fyresdal 2016**	**Fyresdal 2017**	**Fyresdal 2018**	**Gj.snitt kommune gruppe 2018**	**Gj.snitt Telemark 2018**	**Gj.snitt landet 2018**
Netto dr.res. i % av brutto dr.innt	3,9	2,3	2,2	3,4	1,2	2,5
Netto finans- og avdragsutg, i % av br.dr.innt	0,9	-0,7				
Langsiktig gjeld i % av brutto dr.innt	178	40,5	40,2	890	98,1	101,7
- herav pensjonsforplikt. i prosent av br.dr.innt	138,2	135,9	137,3	138,5	124,9	113,6
Arbeidskapital i % av br. dr.innt, ex premieavvik	10,1	9,8	10,3	29	18,8	17,6
Korleis er investeringane finansiera i %:						
Overføring frå driftsregnskapet	3,4	0,0	0,1	2,8	3,2	6,2
Tilskot, refusjonar, salsinntekter m.v	50,6	16,9				
Fondsmidlar (intern finansiering)	-16,2	7,8				
Bruk av lån (netto)	62,4	94,7	58,2	70,3	82,0	66,2
Nøkkeltal i kroner per innbyggar:						
Brutto driftsutgifter i kroner	123 555	136 967	142 271	136 796	91 874	85 120
Brutto driftsinntekter i kroner	123 381	132 986	138 504	139 613	91 943	86 868
Netto driftsresultat i kroner	4 851	3 122	3 100	4 742	1 062	2 212
Skatt i % av brutto dr.innt	19,3	18,9				
Statleg rammeoverføring i % av brutto dr.innt	36,1	38,3				
Netto dr.utg pr. innb. i kroner adm og styring	11 483	13 379	-	-	-	-
Lønsutgifter pr. innb. i kroner adm og styring	7 864	8 007	-	-	-	-
Netto dr.utg pr. innb. i kroner adm f. 120		8 083	7 525	9 399	3 539	3 495
Netto dr.utg pr. innb. i kroner politisk styring f.100		1 607	1 624	1 137	452	365
Lønsutgifter pr. innb. i kroner adm f.120		6 130	5 739	6 589	2 569	2 537
Lønsutgifter pr. innb. i kroner politisk styring f.100		1 568	1 610	922	354	274

Driftsinntektene har auka med 4 %.

Driftsutgiftene har auka med 1,5%.

Lønsutgiftene har auka med 2,8%.

Skatteinntektene har auka med 12,3%.


Rammeoverføringane er redusera med 1,3%.

Bruk av rådmannens million	
IKT-utstyr	480 000
Utstyr kantine skulen	20 000
Utstyr pleie og omsorg	40 000
Utstyr barnehagen	10 000
Utstyr skule	50 000
Utstyr kjøkken/vaskeri	60 000
Sum	660 000




Oversikt over fond og langsiktig gjeld

	31.12.2016	31.12.2017	31.12.2018
Sum Fond	10 415 861	13 412 868	17 384 038
Sum Gjeld	64 730 112	68 919 239	69 543 802



Bruken av rådmannens million fordelar seg slik



Folketalsoversikt

Tekst	2016	2017	2018	Prognose 2030
Folketal pr. 31.12.	1319	1320	1286	1349
Fødde i året	5	7	10	
Døde i året	9	15	11	
Innflytting	74	61	36	
Utflytting	74	52	69	

Finansrapportering

Likvide midlar	Beløp pr. 01.01.	Beløp pr. 31.12	Rente/avkast	Rentesats
Bank:				
Sparebanken Sør	12 516 223	17 218 800	308 546	2,17
Pengemarkedsfond:	**0**	0	0	0
Renteberande verdipa	**0**	0	0	0
Rentereferanseindeks:				
NIBOR 3 mnd	1,21			
NIBOR 1 mnd	1,19			

Gjeld:		Restlån	Rentesats:	Innfrielse
Flytande rente:				
Husbanken	2451900	319 769	1,58	01.04.2033
Husbanken - Tøddestog	2451903	262 800	0,58	01.11.2020
Husbanken - Trygdebol	2451904	613 898	1,58	01.11.2022
Husbanken	2451907	114 085	1,58	01.03.2021
Husbanken	2451908	60 000	1,58	30.06.2020
Husbanken	2451909	71 640	1,58	01.06.2021
Husbanken	2451910	1 012 500	1,58	01.05.2032
Husbanken	2451911	775 000	1,58	01.05.2034
Husbanken	2451912	1 375 000	1,58	01.05.2046
Husbanken	2451913	1 770 000	1,58	01.05.2048
Kommunalbanken	2453100	1 960 000	1,85	30.12.2022
Kommunalbanken	2453103	22 000 000	1,85	20.06.2040
Kommunalbanken	2453104	6 800 000	1,85	09.06.2035
KLP	2454101	6 400 000	1,74	01.12.2035
KLP	2454102	1 740 000	1,74	01.12.2025
KLP	2454105	2 750 000	1,84	20.12.2059
Fast rente:				
Kommunalbanken	2453102	7 166 610	4,66	01.07.2040
KLP	2454103	6 650 000	1,87	09.12.2057
KLP	2454104	7 702 500	1,58	20.12.2058

Rammer reglement	
Fastrenteandel - 31%	

Avdeling fellestenester

Mål
- Vidareutvikle elektroniske kommunikasjonskanalar
- Utvikle heimesida og kommuneinformasjonen digitalt
- Utføre god service både eksternt og internt
- Tilby tenester til andre

Vi hadde lønskøyring for Kviteseid fyrste halvår, Seljord fekk noko hjelp etter det.

Fyresdal har teke på seg handteringar av rekningar og rekneskapen for Vest-Telemarkrådet.

Vi hadde 107 innsynskrav.
I tillegg har vi nokre større innsynsaker som gjeld rettighetsdokumentasjon (barnevern/sosial/elev).

Vi har ca. 840 e-fakturaer og 780 aktive avtalegiroar.
Dette aukar stadig.

Heimesida:
Signerte avtale med Custom Publish som ny heimesideleverandør. Kostnadane dekkast av avsette skjønnsmidlar i Vest-Telemarkrådet.

Facebook:
01.01.2018: 1638 som liker sida vår og 31.12.2018: 1888.
Det er framleis naturbilete som skapar mest engasjement.
Sida blir mykje bruka, både til våre eigne nyheiter og deling av anna interessant stoff.
Messenger blir også bruka ein del, vi får ein del spørsmål via denne. Vi svarar så kjapt vi kan, også utanom arbeidstid.

Løn:
Alt gjeng elektronisk, sjukemeldingar, krav om sjukepengar, inntektsskjema, lønsslippar ut, reiserekningar.
Fleire og fleire skriv reiserekning på web.

Digitale sendingar i sak- arkivsystemet	**2017**	**2018**
SvarINN – frå andre offentlege	491	558
SvarUT – lest digitalt (sdp/altinn)	1065	1423
SvarUT – sdp (sikker digital postkasse)	72	130
SvarUT – printa	783	986

Ny personopplysningslov gjeldande frå 20.07.2018.
Vi har tilsett personvernombod som har vore på opplæring.
I samarbeid med avdelingsleiarane er arbeidet godt i gang.



Mål

Kultur
- Oppretthalde godt samarbeid med lokale lag og organisasjonar
- Vidareføre eit godt kulturskuletilbod
- Vidareutvikle fritidstilbodet for born og unge
- Vere aktive medspelar i å skaffe eksterne midlar til vidare utvikling
- Legge til rette for eksterne og eigne kulturarrangement
- Biblioteket skal, med høgt bibliotekfagleg nivå, vere ein aktiv og inkluderande møteplass som stimulerer til leseglede, kunnskap, sosial samhandling og utvikling
- Biblioteket skal prioritere tilbod til born og unge, med særskild fokus på auk i lesenivå


Skule
- Skulen skal kontinuerleg jobbe for eit aktivt og inkluderande skulemiljø, jf. Opplæringslova kap. 9A
- Skulen skal samarbeide på tvers av stega for å auke elevens læringsutbytte og gje dei den beste progresjonen i læringsløpet
- SFO skal ha eit inkluderande fellesskap og stimulere til leik og sosial utvikling
- Fokus på samarbeidet mellom skule og skulehelsetenesta
- Oppretthalde samarbeidet mellom skule og barnehage
- Innarbeide felles kriterium for undervegsvurdering
- Alle elevar skal få gode og rettmessige tilbod

Barnehagen
- Vi skal ha hovudfokus på leik, og skal heve kompetansen på området
- Vi skal arbeide med overgangar for å auke barna si læring og progresjon
- Vi skal auke tilsette sin kompetanse på dei minste
- Vi brukar metoden SMART til å styrke sosial kompetanse, språkmiljø og integrering
- Fokus på samarbeid mellom barnehagen, skule og helse
- Vi skal auke den digitale kommunikasjonen med heimen
- Vi skal oppgradere og ferdigstille uteområdet, å sjå det i samanheng med aktivitetsparken og nærmiljøet
- Vi skal bli kjent med nærmiljøet og styrke kunnskapen om bygda vår

Økonomi

Sektoren hadde eit mindreforbruk på omlag kr 850 000,-.
Dette skuldast i hovudsak meirinntekter ved refusjon for sjuke- og fødselspengar.

Det har vore mogleg å redusere på innleige i barnehagen då talet på barn har vore lågare enn normalt. Det er også nokre administrative stillingar det ikkje har blitt leigd inn vikar i.
Utgiftene har stort sett vore i tråd med budsjett.



	2016	2017	2018
Utgift	42 435	44 403	45 276
Inntekt	8 400	7 795	9 201

KOSTRA - http://www.ssb.no/kostra	Fyresdal 2016	Fyresdal 2017	Fyresdal 2018	Gj.snitt kommune gruppe 2018	Gj.snitt Telemark 2018	Gj.snitt landet 2018
Grunnskuleopplæring						
Netto dr.utg til grunnskulesektor, per innbyggar 6-15 år	164 930	182 653	181 331	179 085	117 903	112 891
Netto dr.utg til skulefritidsordning, per innbyggar 6-9 år	11 892	15 029	14 403	8 563	6 021	5 440
Lønnsutg til grunnskule, skulelokal og skuleskyss, per elev	126 823	139 420	146 872	144 510	104 830	95 289
Dr.utg til skuleskyss, pr elev som får skuleskyss	5 711	6 694	7 763	9 901	11 101	10 398
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	39,7	40 ,5	39,5	41,6	40,8	41,8
Barnehage						
Netto dr.utg per innbyggar 1-5 år i kroner	117 000	160 441	194 830	164 848	155 664	154 068
Andel minoritetsspråklege barn med bhgplass i forhold til alle barn med bhgplass	29	27,6	30	16,7	16,3	18,3
Leike- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehage (m2)	7,4	8,8	10,2	9,2	6,2	6,1
Kultur						
Netto dr.utg til folkebibliotek per innbyggar	631	789	779	550	356	296
Netto dr.utg til aktivitetstilbud barn og unge per innbyggar	651	701	628	209	173	222
Netto dr.utg til musikk og kulturskoler per innbyggar	766	554	623	627	375	290
Netto dr.utg til idrett per innbyggar	249	368	751	201	250	207

Gimle skule



Kantina
Kantina er den viktigaste samlingsplassen på Gimle skule. Det vert servert god og sunn mat for ungdomsskulen og SFO, og heile skulen nyttar kantina til fellesaktivitetar.

Å ha eit godt kantinetilbod for ungdomsskulen er svært viktig, både av sosiale, faglege og pedagogiske årsakar. Utviding av kantinetilbodet til å gjelde alle elevar blir jobba med framover.

Vaksenopplæring
Det blei sett i gang eit opplegg for ein person som ynskte seg grunnskule. Dette blei avslutta grunna flytting.

Skulefritidsordninga, SFO
SFO har fokus på god og rettleia leik i trygge rammer. Vi har jobba mykje med å skape eit godt sosialt tilbod.
Onsdag er full dag for ungane, og kan vere utfordrande i høve gruppesamansetjing. Tilbodet gjev elevane fine aktivitetar.

Frå hausten har SFO hatt tilbod om leksehjelp. Dette har elevar og føresette gitt god respons på.
Nærområdet blir nytta så mykje vi kan, med skeising, grilling, gåturar og aking.



Ved skulestart på hausten ser elevtala slik ut:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal barn	172	175	171	165	181	176	173	173

Ved skulestart hausten var det 43 tilsette til saman fordelt på kantina, SFO og skulen. 29 av desse er pedagogar.
Gimle har ei utfordrande elevgruppe. Vi har mange fleirspråklege elevar frå ulike land i tillegg til at 10 % av elevgruppa har einskildvedtak innan spesialundervisning. Dette er ein større prosentdel enn nasjonale mål. Elevar med einskildvedtak har krav til støtte og rettleiing av både assistent, pedagog og spesialpedagog. Dette medfører at ein del av rammene til Gimle skule er knytt til einskildelevar. Ressursane på Gimle skule blir nytta gjennom tilpassa opplæring for å gje alle elevane det beste utgangspunktet.

På hausten kom ei endring i lovverket som gjaldt lærarnorm i småsteget. Dette, saman med ressursane som går til einskildvedtak, medførte at ressursar som tidlegare var brukt som tolærar-modell no måtte flyttast til småsteg og einskildelevar. Gimle skule er no ein skule med knappare ressursar på den ordinære eleven.
Situasjonen rundt leiinga har stabilisert seg. Hausten har blitt nytta til å innarbeide gode rutinar. Personalet har vore stabilt, fleksibelt og gjort ein stor innsats. Vi ser elles at vi har nokre kompetanseutfordringar i personalet.

På Gimle har vi ulike organ for medverknad for elevar, føresette og tilsette. Vi har elevråd, foreldreutval, samarbeidsutval og skulemiljøutval. I tillegg har vi utviklingstid og samarbeidstid for dei tilsette på skulen. Medverknad er viktig for å utvikle skulen i rett retning.

I november blei det gjennomført både elev-, foreldre- og lærarundersøking. Det vidare arbeidet med opplæringslovas kapittel 9A, der alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring har blitt arbeidd vidare med. Vi jobbar etter rutinar og drøftar temaet kvar veke på kvart steg.
Vi fekk på hausten tilsyn frå Fylkesmannen om elevmedverknad. Tilbakemeldinga var veldig bra. Vi hadde god elevmedverknad. Avvika blei retta opp med å innføre nye rutinar for gjennomføring av samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet.

I løpet av året nyttar Gimle skule seg godt av vårt flotte nærområde. Elevane brukar ofte naturen rundt skulen, og på skuleområdet er det mykje positiv leik og kreativitet. I tillegg samarbeider skulen med kultur og barnehage. Nokre elevgrupper er og iblant på pleie- og omsorgssenteret.

Gimle skule brukar Fronter som læreplattform og mobilskule til digital kommunikasjon med føresette.
Det er starta ein prosess med innkjøp av nytt skuleadministrasjonssystem.

Våren 2018 starta eit stort utviklingsarbeid opp. Fyresdal, både barnehage og skule, blei saman med alle kommunane i Vest-Telemark med i pulje 3 i utdanningsdirektoratet si satsing «inkluderande barnehage- og skulemiljø». Vi har tilsett ein ressursperson i både barnehage og skule som skal jobbe med inkludering både blant elevar og tilsette. Hausten blei bruka til å lage ein felles lokal plan som kommunestyret godkjente i desember.

Gimle skule har tidlegare vore langt framme når det gjeld digital satsing og læremidlar. No har vi sett i gang ei satsing innan dette feltet med innkjøp av prosjektorar og leasing av pc-ar og ipad-ar til elevane. Her vil Gimle fylgje med på utviklinga, slik at elevane kjem ut med ein god digital kompetanse og vi får nytta IKT på ein pedagogisk og god måte.



Barnehagen

I barnehagen er barnetala slik pr. 31.12:

Barnehageår	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på barn	55	56	55	72	58	59
Tal på plassar	76	75	71	94	74	74

Fyresdal barnehage aukar som vanleg plassane etter nyttår og starta året med 74 plassar og 59 barn på 5 avdelingar. Tal på plassar i august er 63 og 51 barn. Barnehagen har redusert med ei avdeling og ikkje tilsett i ei 100 % stilling som fagarbeidar. Barnehagen har 10 fleirspråklege barn, men ikkje lenger tilgang på fleirspråkleg assistent. Dette er merkbart og frustrerande for alle partar.

Barnehagen har søkt det årlege tilskotet om symjemidlar og fått kr 61 200,-. Alle 5-åringar har fått 30 timar vasstilvenning. Veldig populært tiltak.

Det er få enkeltvedtak dette året, men barnehagen stettar likevel ikkje krav til spesialpedagog.
Ein ser stor hjelp i at logopeden er på huset.

Barnehagen saman med Gimle skule går inn i eit regionalt og nasjonalt prosjekt «inkluderande barnehage- og skulemiljø».
Barnehagen ser prosjektet i samanheng med smartarbeidet og satsinga på utvikling av sosial kompetanse som har vore arbeidd med ei tid. Den heilskaplege tanken 0-16 år har starta. I samband med dette har Fyresdal barnehage vore med på ei kompetanseheving i Vest-Telemark på tema leik, sosial kompetanse og inkludering/mobbing. Dette blei dekt av kompetansemidlar frå Fylkesmannen. Der fekk vi kr 110 000,-. Det har vore ei krevjande kompetanseheving i tillegg til sjølve prosjektet.

Kompetanseheving på 1-åringar gav eit kvalitetsløft i det pedagogsike arbeidet. Utvikling på 1-2 åringane er det grunnleggande i barnehagen og vi har endra ein del tankar og arbeidsmetodar etter dette. Dette har vi fått mykje gode tilbakemeldingar på av foreldra.

Arbeid med digitale plattformer for administrativt verktøy, samt kommunikasjon med foreldre blei starta.

Før jol gjorde Fyresdal barnehage avtale med Faun Naturforvaltning i høve uteområdet ved barnehagen. Faun skal utarbeide ein utomhusplan for eit heilskapleg uteområde.

Nærmiljøet blir mykje bruka, aktivitetsparken er gull verd for aktivitetar, turar og læring.



Det blir servert varm mat to gonger i veka.

Fyresdal barnehage blei Trafikksikker barnehage.

Styraren er ein del av rettleiingsnettverket av nyutdanna barnehagelærar i Vest-Telemark på 3. året.

Kultur
Kulturkonsulenten har 70 % stilling, derav 30 % til drift av kulturskulen.
Hausten 2018 har det vore redusert aktivitet på grunn av sjukdom på kulturavdelinga.

Kulturprisen
- Inga tildeling

Idrettsstipendet
- Inga tildeling

Kulturmidlane
Totalt var det 27 lag som søkte på kulturmidlar. Det blei løyvd kr 442.000,-. Av desse var det kr 195.243,- til faste tilskot og kr 246.757,- til lag og organisasjonar.

Fyresdal folkebibliotek
Tilsette søkjer å gi brukarane kompetent rettleiing, møte dei med menneskeleg forståing og å utvikle ei fagleg god og brukartilpassa mediesamling. Lokala er tilpassa livleg sosialt samvær, men har også rolege rom for lekselesing og fordjuping. Eit møterom blir lånt ut til studiearbeid. Biblioteket har tre nyare datamaskiner. Fokus: Sosial samhandling og studiar/vaksenbruk.
Vi har hatt eitt vaksenarrangement og 81 lesestunder/bokorienteringar for barnehagen og skulen.
Det blei gjennomført sommarles-kampanje for 1.-7. klasse. 62,9 % av elevane i 1.-7.klasse registrerte seg som brukarar (2017: 48 %). I snitt las kvar deltakar 1472 sider. Totalt ble det registrert 107 478 lesne sider.
Fyresdal deltok på Bibliotekveka 2018 i Telemark.

Biblioteket fekk, i lag med Tokke bibliotek, prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket til å skipe ein kreativ skiveverkstad. I Fyresdal var det 9 påmeldte. Skriveverkstaden starta i mars og blei halde på biblioteket onsdag kveld. Det var deltaking på Bøker i Bø i mai, og samling på Midtbø i juni. Kurset resulterte i ein antologi.
Vi nyttar Facebook og kommuneinformasjonen aktivt til marknadsføring og kommunikasjon.

Nedgang i utlån er knytt til stadig mindre utlån av film og lydbøker.

	2016	2017	2018
Samla utlån	15 439	14 795	14 218



Fengselsbibliotek Arendal fengsel, avdeling Kleivgrend
Fengselsbibliotekarbeidet blir utført i 20 % stilling. Løn- og driftsmidlar blir i heilskap dekt av staten ved Nasjonalbiblioteket med eit tilskot på kr 200 000,-.

Bibliotekaren reiser til Kleivgrend kvar tysdag kl. 16.00–19.00. Det er ikkje tilgang på internett på biblioteket i Kleivgrend, og alle type bibliotekfaglege oppgåver blir utført i ressurs fengselsbibliotekar på folkebiblioteket. Dei innsette skal ha tilgang på same bibliotekfaglege tilbod som brukarar av folkebibliotek.
Det er ca. 200–250 innsette i Kleivgrend i året fordelt på 28 soningsplasser.
I snitt er det 19 mann på biblioteket i opningstida. Lokalet er svært lite, og dette regulerer talet på brukarar.
Det er mest utlån av film og musikk, men òg ein del framandspråkleg litteratur og faglitteratur knytt til skule/studiar.

	2016	2017	2018
Utlån	3 720	3 888	3 762

Idrettsråd
Idrettsrådet nominerte Kjell Arne Bjaaland til årets eldsjel, og han blei heidra på Teleidrettens festaften i januar.
Styret har hatt 3 styremøte i tillegg til årsmøte .
Det har vore handsama 16 saker.

- Fordeling av LAM-midlar
- Handsaming av rullering av handlingsprogram for plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv
- Fleirbrukshall
- Nyskapande aktivitetsarenaer, tilskotsmidlar
- Eldsjelprisen, nominering
- Skeidet, framdrift til privat aktør
- Sportsdestinasjon Fyresdal
- Team Telemark, økonomisk stønad deltaking Sparsprinten
- Idrettsstipendet, rutine for tildeling

Skeidet
Idrettsrådet gjorde avtale med private aktørar, som saman danna ein organisasjon, «Skeidet», som no driftar dette som ei prøveordning i to år.



Ungdomens kulturmønstring (UKM)
Kulturskulen gjennomførte UKM med 54 påmeldte og 38 innslag.

Det blei vidaresendt 6 sceneinnslag og 5 kunstverk til fylkesfestivalen i Porsgrunn.

I forkant av UKM blei det over fleire helger arrangert workshops for alle interesserte i foto, låtskriving og graffiti.

Spelemidlar
Ingen søknadar sendt i 2018.

Ungdom og fritid
Fyresdal ungdomsklubb skal vere ein attraktiv og uformell møteplass for barn og unge frå 5. klasse. Ungdomsklubben skal vere ein arena der ungdom kan samlast på sine eigne premissar og med vaksne til stades for og med ungdommen.

Klubben tilpassar tilboda til ungdom som stadig er i endring. Tilbodet er rusfritt, og dette blir fylgt tett.

Aktivitetar:
42 fredagsklubbar
1 datavake
31 onsdagsklubbar
1 tur til Sørlandssenteret
1 tur på konsert på Dalen
3 kveldar med paintball
Ca. 20 kinokveldar

Dette året har det vore jamt besøk på klubben. Ca. 30-40 stk. på fredagsklubben, og ca. 70-80 stk. på onsdagsklubben.

Den kulturelle Spaserstokken har hatt 6 framsyningar.
Den kulturelle Skulesekken:
Lokal plan; Dette er aktivitetar vi sjølv organiserer, gjerne med lokalt preg. Har hatt 7 framsyningar.
Ekstern; Aktivitetar med profesjonelle aktørar som kjem via Den kulturelle skulesekken. Her har det vore 9 aktivitetar/framsyningar.

Kulturskulen
Kulturskulen hadde 54 elevar, og fylgjande tilbod frå hausten: Piano, vokal, trommer, dans, band, gitar, bass, ukulele-band, kunst- og handverk.
Vi har og korps; aspirantundervisning og korps i skulen.
Det er no ventelister på vokal, piano og trommer.

I samband med kulturskulen sitt 20-årsjubileum blei det spelt inn CD på lydstudio med kulturskuleelevar.
Sjølve jubileumskonserten blei utsatt på grunn av sjukdom.

Også i år arrangerte vi workshop i samarbeid med Sparsprinten og teater-workshop i samband med Skeidet.

Sektor for helse og omsorg

Mål


- Dreiing av ressursbruk og aktiv bruk av velferdsteknologi for at pleietrengande kan bu lengre heime og avstemme dette mot talet på plassar
- Revidere omorganiseringsprosessen frå 2013 og iverksette nødvendige justeringar
- Ny avdelingsleiar i sektoren
- Innføre ny turnusplan
- Sikre godt kvalifisera tilsette på alle nivå i sektoren
- Innføre 4. hovudmåltid på POS
- Innføre felles journalsystem ved avdeling helse
- Sikre høg kvalitet på fysisk og psykososialt arbeidsmiljø
- Sikre heilskaplege tenester gjennom tverrfagleg samhandling og god kommunikasjon
- Sikre barne- og ungdomshelse
- Vidareutvikle rus- og psykiatritenesten
- Auke fokus på aldersgruppa 18–30 år med behov for førebyggande/behandlande tilbod

Økonomi

Auken i utgifter skuldast i hovudsak lønsoppgjeret, leige av vikar, særleg på legesida, samt auka utgifter til avlastning for funksjonshemma og barnefamiliar.

Barnevern er eit område som har hatt sterk vekst dei siste åra.

	2016	2017	2018
Utgift	64 520	67 128	69 240
Inntekt	24 198	23 845	20 674



KOSTRA - http://www.ssb.no/kostra	Fyresdal 2016	Fyresdal 2017	Fyresdal 2018	Gj.snitt kommune gruppe 2018	Gj.snitt Telemark 2018	Gj.snitt landet 2018
Pleie- og omsorgstenesta						
Netto dr.utg. pr. innbyggar i kroner, po-tenesta	27 826	29 670	27 704	29 374	19 663	16 478
Netto dr.utg, po, pr. innbyggar 67 år og over	154 214	161 839				
Kommunehelsetenesta / fysioterapi						
Netto dr.utg. pr. innbyggar i kr til helsetenesta f.241	4 243	4 508	5 571	4 847	2 212	1 923
Sosialtenesta						
Netto dr.utg. til sosialtjenesten pr. innbyggar	6 487	1 562	6 039	4 050	4 359	3 870
Andel sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggarar	2,5	2,0				
Barnevernet						
Netto dr.utg. pr. barn i barnevernet	129 471	131 250	206 619	148 577	146 907	134 453
Andel barn med us. i forhold til innbyggarar 0-17 år	1,8	4,1	3,7	6,6	4,6	4,9
Andel barn med tiltak i forhold til innbyggarar 0-17 år	5,3	6,6	6,4	7,0	4,8	4,3
Andel barn med tiltak med utarbeida plan	86	100				

Tilsyn
Arbeidstilsynet gjennomførte på hausten tilsyn i høve kommunens arbeid når det gjeld vald og truslar i heimetenesta.

Samarbeid og samhandling
Fyresdal kommune er med i ei rekke samarbeidsnettverk: Kols-, palliasjons-, rehabiliterings-, demens- og velferdsteknologinettverk. Det har vore samarbeid om jordmorteneste, psykologstillingar, kompetanseutvikling i akuttmedisinprosjektet, ambulerande palliasjonsteam, rus, tenestekontor og vidareutdanning for helsefagarbeiderar.

Psykososialt kriseteam
Ei utkalling i år der store delar av det tverrfaglege teamet var involvert.

Fyresdal Røde Kors etablerte ei tverrfagleg arbeidsgruppe, Tak vare på kvarandre – vi har ingen fleir å miste, der private, lag, organisasjonar, politiet og kommunen var deltakande.
Arbeidsgruppa har arbeidd mykje mot ungdommen og fokuset har vore forebyggande arbeid.

Det blei arrangert ein open kveld på Samfunnshuset med stort oppmøte og engasjement.



Avdeling kjøkken og vaskeri

Vi har selt i snitt 245 middager i månaden til heimebuande eldre og i snitt 90 porsjonar på fullkost kvar månad, samt kost til dei som har avlastningstilbod.
Årleg jolemiddag for dei frivillige som gjer ein gratis innsats for oss. Det er 6 personar fast på liste + 1 stk. vikar som køyrer middag heim til eldre.
Omlegging av drifta på vaskeriet, rulla er erstatta med ein tørketrommel til, ei forbetring for arbeidsmiljøet på vaskeriet. Vaskeriet har tent over kr 33 000,- på vask av tøy til brukarar av helse- og omsorgstenesten og private aktørar.

Avdeling pleie og omsorg

Oppstart av etter skuletid-tilbod i tiltak og tenester for funksjonshemma.
I samarbeid med legevakta i Arendal blei det gjennomført 14 sjukepleiekonsultasjonar på POS.
Gjennomført førebyggande heimebesøk til personar som fylte 75 år.
Dagplassar for eldre heimebuande med demens er nytta.
Ny organisasjonsmodell er ikkje heilt på plass i sektoren.

Aktivitet i pleie og omsorg	**2016**	**2017**	**2018**
Vedtak tenestekontor	268	185	256
Praktisk bistand brukarar	69	59	62
Tal vedtak på POS, fordelt på tenestetype			
- Avlasting	4	2	7
- Korttidsopphald - rehabilitering	12	14	11
- Korttidsopphald - anna	5	3	7
- Korttidsopphald - utredning/behandling	8	15	20
- Langtidsopphald	22	25	21
- Øyeblikkeleg hjelp - døgnplass		5	4
- Dagaktivitetsplass til heimebuande personar med demens			3

POS	Senger	Ligge-døgn kapasitet	Tal ligge-døgn 2016	Belegg % 2016	Tal ligge-døgn 2017	Belegg % 2017	Tal Ligge-døgn 2018	Belegg % 2018
Langtid, fordelt på	16	**5 840**	**6 084**	104,2	**6 407**	109,7	5 908	101,2
Utsikten	8	2 920	3 067	105	3 438	117,7	3 635	124,5
Nordstøg	8	2 920	3 017	103,3	2 969	101,6	2 273	77,8
Korttidsplassar, fordelt på	4	**1 460**	**552**	37,8	**786**	53,8	621	42,5
Utsikten		730	385 \		622		580	
Utsikten,avlasting			434		84		4	
Nordstøg		730	49 /118		80		37	
Ø-hjelp døgnplass	1				20		15	
		7 300	**6 636**	90,9	**7 193**	98,5	**6 529**	89,4

Avdeling helse

Helsestasjon/skulehelsetenesta
Helsesjukepleiar arbeider i 80 % stilling. Det er gjennomført konsultasjonar/oppfølging i helsestasjonen på 64 barn under skulealder. Skulehelsetenesta har hatt kontakt/oppfølging av 173 elevar på Gimle skule med tilbod om vaksinering, ulike undersøkingar, informasjon og samtaler.
I dette inngår også flyktninghelsetenesta med 42 barn frå nyfødt til og med vidaregåande skule.
Helsesjukepleiar var stort sett tilgjengeleg på Gimle skule ein dag i veka etter skuleruta. 56 barn frå 0 til 20 år har hatt behov for ekstra oppfølging utover standard program.
Helseopplysing i skule/barnehage, undervisning etter førespurnad, rådgjeving og rettleiing individuelt og i grupper er utført.
Helsesjukepleiar har i tillegg deltatt i fleire tverrfaglege team både internt og med eksterne aktørar, på ulike kurs og møter.

Legetenesta
Ustabil legesituasjon gjev utslag i færre konsultasjonar med lege og dårlegare inntening.
Turnuskandidatordninga har fungert godt gjennom året og vore til stor nytte.

	Konsultasjon lege	Totalt kontaktar, notat, tlf. og brev	Totalt akutt (utan avtale) og øyeblikkeleg hjelp
2016	4 603	12 624	2 209
2017	3 970	15 071	1 879
2018	3 156	14 098	402

Fengselshelsetenesta

Dei som sonar har som før eit tilbod ved helsehuset og alle skal ha eit møte her når dei kjem og når dei sluttar soninga.
Det er i tillegg eit tilbod der sjukepleiar møter i Arendal fengsel, avdeling Kleivgrend i 20 % stilling.
Totalt 1200 kontaktar.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark (BVS)

BVS leverer eiga årsmelding.

	Meldingar	Under søkingar	Tiltak	Ikkje avslutta 31/12
2016	5	5	15	1
2017	16	11	18	-
2018	4	3	17	-

Jordmorteneste
Jordmortenesta i Vest-Telemark er samla med Vinje som vertskommune. Tal på konsultasjonar i Fyresdal 37. Tal på fødslar 8.

Psykisk helseteneste
Totalt 601 kontaktar, konsultasjon, møter, heimebesøk. I tillegg kjem telefon og SMS, 504 kontaktar her. Fengselshelsetenesta ein gong i veka og Meinstad kafe ein gong i veka. Pilgrimstur 4 dagar.

Legevakta i Arendal
390 er talet på pasientar som har vore i kontakt med legevakta totalt.

	Konsultasjon med lege	Telefon med lege*	Konsultasjon med sjukepleiar	Telefon med sjukepleiar	Lege besøk heime
2016	49	138	3	223	3
2017	66	121	2	228	4
2018	57	125	2	125	5

*Statistikken tek utgangspunkt i kva takst legen vel, derfor blir telefon med lege og godkjent notat sjukepleiar i same kategori og kan ikkje skiljast. Dette betyr at talet gjeld både telefoner der legen har ringt, men fleirtalet gjeld der sjukepleiar har snakka med pasienten og ført notat som legen har godkjent.

Fysioterapitenesta

Oversikt over enkelt-behandlingar	Behandlingar/ trening pleie- og omsorgstenester	Behandlingar i fysioterapi-avdelinga	Trenings-grupper	Helsestasjon/ barn og unge	Fengsels-helsetenesta
2016	656	1 190	207	142	
2017	586	1453	122	209	29
2018	649	920	144	222	17

Ny fysioterapeut frå januar: Fortsatt stor pågang med venteliste. Begge fysioterapeutane jobbar innanfor alle område. Helsestasjon med 4 mnd.-kontroll og førskulekontroll, individuell oppfylging og motorisk aktivitetsgruppe for 1. og 2. klasse.
I barnegruppene har vi vore begge to og hatt samarbeid med SFO.

Seniortrimmen er eit populært tilbod og det har dei fleste gongene vore over 20 deltakarar på trimmen. Barseltreninga starta opp att i november; litt vekslande oppmøte. Trimmen på POS er stabil med 7-10 deltakarar kvar veke.

Ei ny treningsgruppe for eldre med fokus på balanse og styrketrening, og ei bevegelsesgruppe med fokus på smertemeistring og avspenning. I desse nye gruppene betaler deltakarane ein eigenandel for å delta. I tillegg til alle gode gruppeeffekt-faktorar ser vi at det er hensiktsmessig å jobbe i grupper for å lette på ventelista.
Sidan oppstart av gruppene i april har det vore 176 deltakaroppmøte på gruppene.

Vi jobba vidare med oppstart av kvardagsrehabilitering, men det viste seg å vere vanskeleg på grunn av omorganiseringa.

Vi har prioritert fagleg oppdatering. Kurs/konferansar; direkte tilgang/å jobbe utan legehenvisning, trykkbølgekurs, leiing av bevegelsesgrupper for langvarige smertepasientar og/eller psykiske lidingar, smertebehandling med nåler; fagdag på anatomisk institutt på Rikshospitalet, kvinnehelse: bekken, diastase og øvingar. I tillegg til dette fagdag innanfor rehabilitering og nettverk innan for kvardagsrehabilitering.

Vi deltek på tiltaksteam, samarbeidsmøte med POS og heimesjukepleia, og samarbeidsmøte med legane. I tillegg til desse faste møta deltek vi på ansvarsgruppemøte fleire gonger i året med barn vi fylgjer opp.

Sektor for plan og teknikk

Mål


- Prioritere ressursar til førebyggande vedlikehald. (Dette gjeld både i forhold til bygningsmassen inkl. utomhusareal, vatn og avløpsanlegg og kommunale vegar).
- Prioritere ressursar til fullføring av matrikkel og adresseprosjekt.
- Arbeide vidare med leidningskartverk
- Ta SMS-varsling i bruk

Økonomi

Rekneskapen syner eit underforbruk på kr 1 386 000,-. Dette har samanheng med nokre eingongsinntekter som ikkje er budsjettera.

Det er i grove tal omlag slik: oppmålingsgebyr kr 500 000,-, sjukelønsrefusjon kr 200 000,-, forsikringsoppgjer kr 400 000-, fakturera andre kommunar kr 125 000,-, mindre vintervedlikehaldskostnader kr 261 000,-.

Generelt har det vore mindre inntekt på utleige av bustad, og anna sal. Straumkostnadane er det overforbruk på.



	2016	2017	2018
Utgift	29 657	31 883	32 125
Inntekt	16 041	17 933	19 021

Prosjekt

- Vatn og avløp Meieribakken.
- Moghusfeltet er ferdigstilt, anleggsarbeidet, manglar asfalt. Starta opparbeiding av tomt for sal.
- Brannstasjon, her er det utført oppgraderingsarbeid i samsvar med tilsynsrapport frå Arbeidstilsynet.
- G/S-veg frå Landstadvegen til bankkrysset. Ferdig anleggsarbeid, noko arbeid står att.

KOSTRA - http://www.ssb.no/kostra	Fyresdal 2016	Fyresdal 2017	Fyresdal 2018	Gj.snitt kommune gruppe 2018	Gj.snitt Telemark 2018	Gj.snitt landet 2018
Samferdsel						
Netto dr.utgifter i kr pr. innbyggar	1 466	1 304	1 151	2 572	1 464	1 123
Brutto dr.utgifter i kr pr. km komm. veg/gate	74 417	71 708	61 667	104 494	149 652	156 657
Brann- og ulykkesvern						
Netto dr.utgifter til beredskap mot brannar og andre ulykker pr. innbyggar i kr. f.339	1 337	1 562	2 519	120 137	186 137	4 133 267
Årsgebyr for feiing + tilsyn (gjeld rapporteringsåret + 1)	491	200	240	451	339	430
Vatn						
Andel av befolkninga som er tilknytt komm. vassforsyning (prosent)	69,4	69,3	71,2	..	87,7	84,7
Gebyrgrunnlag pr. innbygg. tilknytt komm. vassforsyning (kr / tilkn. Innb.)	1 438	1 612	2 492	..	1 694	1 552
Gebyrinntekter pr. innbygg. tilknytt kommunal vassforsyning (kr / tilkn. Innb.)	1 873	1 861	1 914	..	1 597	1 456
Driftsutgifter pr. tilknytt innbyggar (kr / tilkn. Innb.)	828	963	1 722	..	0	0
Avløp						
Gebyrgrunnlag pr. innbygg. tilknytt komm. avløpsteneste (kr / tilkn. Innb.)	2 690	3 189	5 077	..	2 309	1 859
Gebyrinntekter pr. innbygg. tilknytt komm. avløpsteneste (kr / tilkn. Innb.)	2 652	3 129	4 482	..	2 226	1 819
Driftsutgifter pr. innbygg. tilknytt kommunal avløpsteneste	1 655	2 094	2 900	..	0	0



Tilskot

Tilskot	2016	2017	2018
Vøling av eldre heilårsbustader	75 000	25 000	15 000
Private kloakkanlegg	125 000	75 000	62 812
Private vassanlegg	15 085	5 368	Avvikla
Bygging av heilårsbustad	0	200 000	100 000
Private vegar	202 450	207 875	201 475
Lønstilskot sommararbeid	240 200	263 900	171 750

Statistikk administrativ aktivitet

Aktivitet	2016	2017	2018
Byggesaker, delegert	49	39	39
Nye rekvisisjonar oppmåling	27	38	52
Plansaker	0	0	1
Klagesaker	0	0	0
Utsleppsløyver	14	12	12

Plan
Det har vore handsama ein privat reguleringsplan. Deltok i prosjektet «Fortetting med kvalitet - stedstilhørighet» som resulterte i Folkestadbyen fortettingsprosjekt.
Representerer kommunen i arbeidet med vassområde for Nidelva, som er tilpassing til EU sitt vassdirektiv.
Arbeid med kvalitetssikring av matrikkel og adressetildeling. Registrering og oppfylging av ulovleg innlagt vatn og kloakk. Synfaring med NVE og uttale til minikraftanlegg og revisjon av Finndølavassdraget.
Lagt om til sentral FKB-lagring (felles kartdatabase)og sentralt planregister som utløyste tilskot frå Kartverket.
Kurs med Kartverket og Husbanken.

Byggesak
Færre saker etter endringar i plan- og bygningsloven frå 01.07.17.
Alle saker er handsama innan fristen.
Kundekontakt er ein viktig aktivitet som tek tid, dette er viktig for omdømmet til kommunen som serviceorganisasjon, spesielt i ein kommune med mange sjølvbyggarar.
Erfaring visar òg at sjølv om ein forenklar byggeprosessen oppstår situasjonar der kommunen blir involvera i kontroll/tilsyn i etterkant. Dette er ressurskrevjande, og ein treng i mange situasjonar ein annan kompetanse enn på sjølve byggesakshandsaminga.
Arbeid med kvalitetssikring av matrikkel og adressetildeling.

Oppmåling
Det blei rekvirert 52 saker fordelt på 26 nye tomter, 22 innløysingar av eksisterande festetomter og 4 saker var grensejustering eller grensepåvising. Alle sakene blei fullførde innan fristen. Jordskiftesakene blei ført fortløpande. Prosjektet der kommunen har hatt samarbeid med Statens vegvesen og Kartverket om matrikkelføring av eksisterande grenser langs fylkesvegane er nå ferdig. Det vil seie at langs Birtedalsvegen fv. 401, Nesvassvegen fv. 402 og Kleivgrendsvegen fv. 404 er dei gjeldande grensene nå ført i eigedomskartet (matrikkelen).

Byggforvaltning og uteareal
Utvida uteområde i barnehagen.
Inneklimamålingar på Gimle og barnehagen visa gode resultat der det blei målt.
Fortløpande vedlikehald av bygg/bustader så langt budsjett og ressursar held.
Skifta letthimling i garderobe og musikkrom på Gimle. Dette grunna hærverk.
Brannstasjonen har blitt gradert opp med måling av golv, eksosavtrekk og rein/urein sone for skift/vask av branntøy.
På grendehuset på Veum er det starta opp utbetring etter vasskade på kjøkken og opphaldsrom.
Styring og drift av tekniske anlegg har vore greitt, bortsett frå ein skade på kjøleaggregat på POS.

Reinhald
Avdelinga arbeider med kompetanseheving i form av fagbrev.
Her er det gjennomført målretta helsekontroll.

Vassforsyning
Alle vassprøver tilfredstilte kvalitetskrava.
Torevershavari på styringssystem og UV-anlegg for Hauggrend vassverk førte til at dette måtte nytt.
Utstyr som må fungere 24/7 krev av erfaring mykje tilsyn og vedlikehaldsmidlar etter nokre år.

Vassverk	2016	2017	2018
Fyresdal	189 471	178 484	196 418
Hauggrend	5 862	5 238	5 300

Tabellen syner vassbruk målt i m^3

Reinseanlegg/avløp
Det var to prøver for Fyresdal RA som ikkje hadde tilfredstillande resultat. Organisk stoff, krava til både middel konsentrasjon er tilfredsstilt, men maksimal konsentrasjon er ikkje tilfredsstilt på 2 av prøvene.

Reinseanlegg	2016	2017	2018
Fyresdal	81 036	103 214	83 985
Hauggrend	3 464	3 476	3 100

Tabellen syner total mengde reinsa kloakk målt i m^3

Brann og feiing

Hendingar	2016	2017	2018
Utrykningar	24	12	23
Tilsyn spesielle objekt	3 A-objekt 0 B-objekt	3 A objekt 0 B objekt	5 objekt etter risiko - vurdering
Feia	201	277	0
Tilsyn i hus	179	26	0



Renovasjon

Tabellen viser dei ulike abbonementa vi har innanfor renovasjon.

Type abbonement	2016	2017	2018
Standard	380	375	421
Standard m/kompost	20	19	18
Miniabbonement	198	192	223
Redusert standard bustad	69	68	Avvikla
Utleigehybel med kjøkken	1	1	0
Fritidsabbonement	873	872	1 146
Redusert fritidsabbonement	333	332	Avvikla
Høgstandard hytte	75	71	Avvikla
Bustad som fritidsbustad	1	1	Avvikla
Høgstandard fritidsbustad	29	22	Avvikla
Slamtøming	438	315	289

Jordbruk

Mål, definert i kommunedelplan for næring, landbruk og busetjing 2015 - 2018
- Skape optimisme i landbruket og auke husdyrtalet
- Stø opp om småskalaprodusentar/kortreist mat
- Oppretthalde kulturlandskapet, hindre attgroing av dyrka mark

Midlar frå næringsfondet til landbruket
1 stk. kjøp av mjølkekvote – kr 70 000,-, 3 stk. investeringstilskot for driftsbygning – kr 293 000,- og 3 stk. bedriftsutviklingstilskot lokalmat – kr 160 000,-.

Spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap (SMIL)
Kommunen fekk tildelt kr 150 000,- frå Fylkesmannen. Det var berre to søknadar og det blei gjeve kr 120 000,- til eit restaureringsprosjekt og kr. 30.000,- til eit rydde-/gjerdeprosjekt.

Drenering
Kommunen fekk tildeling på kr 100 000,-. Av dette blei kr 83 660,- fordelt på 5 søknadar.

Avlingsskadeerstatning
Sommaren 2018 var ein katastrofesommar for landbruket med langvarig tørke og vanskeleg med både beite og produksjon av vinterfôr. Dette resulterte i rekordstor søknad om avlingsskadeerstatning. Totalt 30 søknadar, der 29 blei handsama. Totalt utbetalt kr 2,83 mill.

Innovasjon Norge
Det blei sendt ein investeringssøknad og to bedriftsutviklingssøknadar til Innovasjon Norge. Totalt innvilga tilskot kr 635.000,-.

Statistikk over dyr og produsentar i produksjonstilskotssystemet

	2000	2006	2010	2012	2014	2015	2016	2017	2018
Jordbr.areal i drift, da	6712	6924	6753	6247	6706	6894	6747	-	
Søkjarar av prod.tilskot	55	46	41	39	42	41	43	-	
Vinterfødde sau pr. 1/06	2341	1720	984	1018	1243	1345	1561	1713	
Tal bruk med sau	34	27	16	17	21	23	24	23	
Tal ku pr. 31/07	104	104	117	97	100	99	85	89	
Tal bruk med mjølk	7	6	5	4	4	4	3	3	
Ammekyr	21	28	28	38	41	39	50	61	
Tal bruk med ammekyr	6	4	3	3	3	5	5	8	
Andre storfe	221	213	209	219	190	198	207	219	
Hest	58	75	82	93	96	86	97	94	

Frå 2017 blei tilskotssystemet lagt om med teljedato for produksjonstilskot 1. mars og 1. oktober. Statistikken frå 2017 er med det ikkje direkte samanliknbar med tidlegare år. Vi ser ei positiv utvikling i kommunen med stigande husdyrtal. Tala i statistikken er teljedato 1/10 bortsett frå sau som er 1/3.

Søknad om produksjonstilskot	2017	2018
Dekar jordbr.areal i drift* – søkjarar	7096 – 44	7330 – 45
Vinterfødde sau – søkjarar	1713 – 23	1740 – 25
Mjølkeku – søkjarar	95 – 3	96 – 3
Ammeku – søkjarar	72 – 8	76 – 9
Andre storfe	242	219
Avlspurke	1	7
Hest	94	94

*Inkl. innmarksbeite

Skogbruk

Skogeigarane i Fyresdal er svært flinke til å sete av skogfond. Heile 25 % av brutto tømmerverdi blei sett av til framtidige investeringar. Det blei i alt investert nær 1,9 millionar kroner i skogbruket. **1.202** daa blei avstandsregulert, og det blei sett ut **76.450** planter. Alle skogkulturtiltak blei støtta med tilskot frå Fylkesmannen. I tillegg yter staten tilskot til suppleringsplanting, gjødsling og tettare planting. Desse tiltaka er eit ledd i skogbrukets satsing for klima. **1545** meter bilveg blei rusta opp til fullverdig skogsbilveg, medan det blei bygd **475** meter ny veg.

	2016	2017	2018
Tømmerleverandørar	60	41	45
Snitt m3 pr. leverandør	679	533	804
Snittpris pr. m3	302	319	375
Avverka m3	41 098	22 549	36 197
Bruttoverdi (i 1000 kr)	12 313	7 283	13 585
Tilskot næring og miljøtiltak			
Skogpleie	658 836	446 192	241 259
Skogvegar	467 167	123 255	48 042
Tynna dekar	0	32	0
Innbetala til skogfond	2 244 930	1 311 707	3 438 790
Utbetala frå skogfond (investering i skogbruket)	2 868 146	1 758 986	1 819 655



2018 blei eit godt år for skogbruket i Fyresdal, med 36.197 m3 omsett tømmer, til ein verdi av heile 13,5 millionar kroner. Totalt blei det investert 1 819 655 mill. til planting, ungskogpleie og veganlegg.
For dette blei det motteke kr 289 311,- i tilskotsmidlar, då i hovudsak til skogkultur.

Utmark

Under årets elgjakt blei det skote **134 dyr (67 % av tildelt kvote),** dette er omlag på nivå med dei seiste fem åra. Fleire av valda som dei siste åra har hatt svært lite elg, såg i 2018 meir dyr, og fleire kyr med kalv/tvillingkalv. Vidare er slaktevektene for kalv og ungdyr i svak vekst, dette er indikatorar på at kondisjonen i stamma er i betring. Det blei skote **17 hjort**, ein betydeleg nedgang frå 2016 og 2017. Det er ikkje observert ulv i kommunen i 2018, medan gaupa synte seg på viltkamera fleire stader. Det blei ikkje skote gaupe i Fyresdal i 2018.

Villrein
Villreinstamma i Setesdal Austhei har blitt kraftig redusert, og tel no omlag 700 dyr. Fellinga har vore svært dårleg dei seinare åra. Fyresdal blei **tildelt 80 kort og felte 4 dyr (5 %)**. I Våmur-Roan Villreinområde er stamma berekna til å bli ca 200 dyr. Her blei det **felt 33 dyr av kvote på 55 (60 %).**

Motorferdsel i utmark
Talet på saker vedkomande motorisert ferdsel er stabilt i høve tidlegare år. 31.12 var det 211 gyldige skuterløyve i kommunen. Motorisert ferdsel på barmark handhevast strengt, og det blir gjeve løyve til særskild naudsynt køyring.

Ein vurderer kontinuerlig moglegheitene for eit ope løypenett for rekreasjonskøyring med snoskuter.
Det nasjonale villreinområdet på Setesdal Austhei (Vestheiane) legg sterke føringar for arealbruken.

Handsama saker;	2016	2017	2018
§ 5 delegert adm.	114	64	89
§ 6 politisk vedtak	4	4	4
Avslag sum alle §§	4	6	9

Fyresdal kommune

Arkiv:	210
Saksmappe:	2019/27-6
Saksbeh.:	Kjersti Bergland
Dato:	20.05.2019

Saksframlegg

Rekneskap 2018 - Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	25/19	05.06.2019
Kommunestyret	34/19	13.06.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:
1 20190411104638461
2 Årsrekneskapen 2018 - Fyresdal kommune
3 Saksutskrift - Årsrekneskap og årleg rapport 2018 for Fyresdal kommune –--- kontrollutvalet si uttale

Bakgrunn for saka:
Etter forskrift om årsrekneskap og årsmelding § 10 skal kommunestyret sjølv gjere vedtak innan seks månader etter rekneskapsårets slutt, etter at formannskapet har gjeve innstilling i saka. Uttale frå kontrollutvalet skal leggast fram.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022: -....vi brukar det økonomiske handlingsromet.

Generelt:
Kommunerekneskapen er finansielt orientera, og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året, og bruken av desse. Rekneskapen vert ført etter anordningsprinsippet, det vil sei at alle inntekter og utgifter vert bokført i året dei høyrer heime i, uavhengig om dei er betalt eller ikkje. Rekneskapen er avlagt i tråd med god kommunal rekneskapsskikk.

Investeringsrekneskapen:
Det totale investeringsrekneskapen viser i år investeringar på, i underkant av åtte millionar. Dette besto i hovudsak av å gjere ferdige prosjekta som var starta på i fjor. Dei største prosjekta var: utbyggingsområde i Sørbygda, gang- og sykkelveg i sentrum og ombygging av brannstasjonen for å dekke arbeidsmiljøkrav. Alle desse prosjekta vart gjennomført innanfor tildela ramme og dekt av lån, eigne midlar og trafikksikkerhetsmidlar frå fylket.
Heilt på slutten av året kom det statlege midlar til utbygging av breiband i heile kommunen. Dette vil vere eit fleirårig prosjekt i åra som kjem og vil starte i 2019.

Driftsrekneskapen:
Den totale rekneskapen vart gjort opp med eit mindreforbruk på nesten ein million kroner, etter at vi endra rekneskapsføringa av konsesjonskraftinntekter. Vi har bruka kontantprinsippet på

konsesjonskraftinntektene tidlegare men nå har vi fått pålegg om å fylgje anordningsprinsippet også på desse inntektene. Dette førte til fire millionar meir i inntekter i 2018 enn budsjettera.
Det var utfordringar innanfor den enkelte sektor å halde seg innanfor tildela ramme. Størst utfordring er det i helse og omsorg med eit avvik på nesten fire millionar. Dette skuldast i hovudtrekk høgare utgifter til barnevern og avlastningstiltak, samt noko dyr innleige av vikarar. I tillegg fekk vi mindre øyremerka tilskot til ressurskrevjande brukerar enn budsjettera.
I sektor for fellestenester er det premieavviket på pensjonskostander som belasta med meir enn 2,5 millionar kroner meir enn budsjettera. Sektor for kultur og oppvekst og sektor for plan og teknikk kom ut med eit mindreforbruk på omlag ein million kvar.
Totalt sett vart det eit netto driftsresultat på 7,1 millionar, som utgjer 4,05% av driftsinntektene. Samanlikna med fjoråret der prosenten var på 2,2% er vi nå på rett veg.

Balansen:
Den likvide situasjonen har gjennom året vore tilfredstillande og ein har innfridd alle krav innanfor forfall. Likviditetsgraden er likevel bare på 1, 93 og bør styrkast ytterlegare då anbefalt nivå bør vere over 2.
Langsiktig lånegjeld har auka med 0,5 millionar i løpet av året. Dette skuldast innlån av midlar til vidare utlån (startlån).
Disposisjonsfond har auka med nær tre millionar, som skuldast endra rekneskapsprinsipp på konsesjonskraftinntekter. I tillegg har vi nesten ein million i mindreforbruk som også bør avsettast disposisjonsfond.
Bundne investeringsfond har auka med 1,151 millionar som skuldast tilskot til breibandsutbygging og toalett i Hamaren Aktivitetspark. Dette er prosjekt som vil bli fylgt opp i 2019.
Bundne driftsfond og ubundne investeringsfond er det små endringar på.

Konklusjon:
Årsrekneskapen for Fyresdal kommune 2018 gjev eit godt bilete av den økonomiske stoda. Saman med årsmelding og revisjonsuttale får ein god og grundig oversikt over Fyresdal kommune si drift.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2018 vert godkjent slik den ligg føre.
Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 949 595,- vert avsett til disposisjonsfond, konto 2560023.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Kjersti Bergland
	økonomi- og plansjef

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Til
Kommunestyret i Fyresdal kommune

Vår ref.:18/755/als
Deres ref.:
Arkivkode: 831200

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Fyresdal kommune som viser kr 116 215 102 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 949 595. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Presisering

Utan at det har noko å sei for konklusjonen i avsnittet over vil vi presisere at Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsberetning ikkje er levert innan fristen, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10. Årsrekneskapen er levert 13. mars og årsberetningen er levert 9. april 2018.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhaldt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding ut over dei lovmessige krava i KL § 48, 5. ledd, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bø, 11.04.2019
Telemark kommunerevisjon IKS

Ottar Kleppe
oppdragsansvarleg revisor

Aud Lie Solheim
oppdragsrevisor

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

Fyresdal kommune

Rekneskap
2018



Hovudoversikt investeringsrekneskap

Tekst	Rekneskap 2018	Just. Budsjett 2018	Oppr. Budsjett 2018	Rekneskap 2017
INNTEKTER				
Sal av fast eigedom	0	0	0	0
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføring med krav om motyting	1 058 476	1 000 000	1 000 000	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	923 693	0	0	577 376
Statlege overføringar	0	0	0	0
Andre overføringar	1 305 000	150 000	0	964 276
Renteinntekter, utbytte, eieruttak	0	0	0	0
SUM INNTEKTER	3 287 169	1 150 000	1 000 000	1 541 652
UTGIFTER				
Lønsutgifter	0	0	0	298 000
Sosiale utgifter	0	0	0	72 000
Kjøp som inngår i produksjonen	6 846 344	9 684 000	4 300 000	8 148 971
Kjøp som erstatter egenproduksj	0	0	0	0
Overføringar	923 693	0	0	577 376
Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
SUM UTGIFTER	7 770 037	9 684 000	4 300 000	9 096 347
FINANSTRANSAKSJONER				
Avdrag på lån	332 623	350 000	300 000	315 956
Utlån	1 250 000	1 250 000	0	1 630 000
Kjøp av aksjer og andelar	1 120 849	1 120 600	400 000	514 566
Dekking av tidlegare års undersk	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfor	1 000	1 000	0	0
Avsatt til bundne investeringsfond	1 151 000	150 000	0	0
SUM FINANSTRANSAKSJONAR	3 855 472	2 871 600	700 000	2 460 522
FINANSIERINGSBEHOV	8 338 340	11 405 600	4 000 000	10 015 217
Dekket slik:				
Bruk av lån	4 802 696	6 674 000	1 750 000	9 108 850
Sal av aksjer og andelar	1 000	1 000	0	0
Mottatte avdrag på utlån	198 085	200 000	150 000	193 801
Overført frå driftsrekneskapet	0	0	0	0
Bruk av tidlegare års overskot	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	353 600	353 600	0	110 000
Bruk av bundne fond	2 982 959	4 177 000	2 100 000	602 566
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0	0
SUM FINANSIERING	8 338 340	11 405 600	4 000 000	10 015 217
Udekka /udisponert	0	0	0	0

Hovudoversikt driftsrekneskap

Tekst	Rekneskap	Just.budsj.	Oppr. Budsj.	Rekneskap
	2018	2018	2018	2017
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	5 387 849	5 726 000	5 726 000	6 058 110
Andre sals- og leigeinntekter	25 755 648	20 591 000	19 691 000	20 252 319
Refusjonar	21 763 516	13 204 000	12 426 000	19 399 535
Rammetilskot frå staten	63 658 046	65 581 000	65 581 000	64 513 177
Andre statlege overføringar	8 590 761	5 743 000	5 743 000	11 236 788
Andre overføringar	370 105	160 000	160 000	858 029
Inntekts- og formueskatt	29 735 386	27 200 000	27 200 000	26 488 621
Eigendomsskatt	8 349 617	8 350 000	7 750 000	8 534 329
Andre direkte og indirekte skatter	11 706 855	11 319 000	11 319 000	11 273 519
SUM DRIFTSINNTEKTER	175 317 783	157 874 000	155 596 000	168 614 427
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	89 184 801	85 123 000	85 362 000	87 166 824
Sosiale utgifter	20 916 176	19 215 000	18 348 000	19 972 911
Kjøp som inngår i produksjonen	27 385 064	24 306 000	23 646 000	27 116 792
Kjøp som erstatter egenproduksjo	19 595 044	15 205 000	15 093 000	20 419 472
Overføringar	11 461 536	8 358 000	8 666 000	11 342 885
Avskrivningar	8 351 362	3 800 000	3 800 000	8 260 356
Fordela utgifter	0	0	0	0
SUM DRIFTSUTGIFTER	176 893 983	156 007 000	154 915 000	174 279 240
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-1 576 200	1 867 000	681 000	-5 664 813
FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	5 289 993	5 141 000	5 141 000	4 130 543
Mottatte avdrag på utlån	74 146	0	0	1 695 924
SUM EKSTERNE FINANSINNT	5 364 139	5 141 000	5 141 000	5 826 467
FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostningar	1 373 563	1 338 000	1 338 000	1 290 020
Avdrag på lån	3 592 814	3 644 000	3 644 000	3 394 917
Sosial- og næringsutlån	67 601	0	0	27 500
SUM EKSTRENE FINANSUTGIF	5 033 978	4 982 000	4 982 000	4 712 437
RESULTAT EKS FINANSTRANS	330 161	159 000	159 000	1 114 030
Motpost avskrivningar	8 351 362	3 800 000	3 800 000	8 260 356
NETTO DRIFTSRESULTAT	7 105 323	5 826 000	4 640 000	3 709 573

NETTO DRIFTSRESULTAT	7 105 323	5 826 000	4 640 000	3 709 573
INTERNE FINANSTRANSAKSJONER				
Bruk av udisponera frå tidlegare år	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	1 014 000	1 014 000	0	2 340 000
Bruk av bundne fond	4 493 627	3 630 000	4 180 000	3 490 163
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
SUM BRUK AV AVSETNINGAR	5 507 627	4 644 000	4 180 000	5 830 163
Overføring til investeringsrekneska	0	0	0	0
Avsatt til dekning frå tidlegare år	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	4 220 000	4 220 000	2 720 000	1 353 601
Avsatt til bundne fond	7 443 355	6 250 000	6 100 000	8 186 135
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
SUM AVSETNINGAR	11 663 355	10 470 000	8 820 000	9 539 736
Rekneskapsmessig mindreforbruk	949 595	0	0	0
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0

Balanseoversikt

	2018	2017	2016
Anleggsmidlar			
Faste eigedomar og anlegg	217 031 665	217 340 454	216 798 273
Utstyr, maskiner og transportmidlar	4 643 752	4 916 286	5 724 814
Utlån	34 291 260	33 228 890	33 460 357
Aksjer og eigendelar	39 747 042	38 726 193	38 211 627
Pensjonsmidlar	213 425 607	196 508 437	180 524 392
Sum Anleggsmidlar	*509 139 326*	*490 720 260*	*474 719 463*
Omløpsmidlar			
Kortsiktige fordringar	15 141 217	14 634 244	12 134 387
Premieavvik	2 608 372	1 624 453	794 581
Aksjer og andelar	0	0	0
Sertifikater	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Kasse, post og bankinnskot	20 749 532	16 112 750	18 753 345
Sum Omløpsmidlar	*38 499 121*	*32 371 447*	*31 682 313*
SUM EIGENDELAR	**547 638 447**	**523 091 707**	**506 401 776**
Egenkapital			
Disposisjonsfond	5 869 786	3 017 386	4 113 784
Bundne driftsfond	10 020 886	10 054 116	5 960 710
Ubundne investeringsfond	342 366	341 366	341 366
Bundne investeringsfond	1 151 000	0	0
Prinsippendringar	-466 741	-466 741	-466 741
Regnskapsmessig mindreforbruk (drif	949 595	0	0
Regnskapsmessig meirforbruk (drift)	0	0	0
Udisponert investeringsregneskapet	0	0	0
Udekka investeringsregneskapet	0	0	0
Kapitalkonto	197 710 483	186 173 237	187 307 171
Sum Egenkapital	*215 577 375*	*199 119 364*	*197 256 290*
Gjeld			
Pensjonsforpliktelsar	242 670 846	236 666 285	224 930 289
Ihendehaverobligasjonslån	0	0	0
Sertifikatlån	0	0	0
Andre lån	69 543 802	68 919 239	64 730 112
Premieavvik	121 587	91 175	31 842
Kortsiktig gjeld	19 724 837	18 295 644	19 453 243
Kassekredittlån	0	0	0
Annan kortsiktig gjeld	0	0	0
Sum Gjeld	*332 061 072*	*323 972 343*	*309 145 486*
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	**547 638 447**	**523 091 707**	**506 401 776**
Memoriakonti			
Ubrukte lånemidlar	786 563	1 039 260	2 248 110
Andre memoriakonti	0	0	0
Motkonto for memoriakonti	-786 563	-1 039 260	-2 248 110
	Fyresdal ...../..... - 2019		
Ketil O. Kiland			Kjersti Bergland
Rådmann			Økonomisjef

Rekneskapsskjema 1A – Driftsrekneskapen

Tekst	Rekneskap 2018	Justera budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
1. Skatt på inntekt og formue	35 116 322	32 419 000	32 419 000	31 788 117
2. Ordinære rammetilskot	63 658 046	65 581 000	65 581 000	64 513 177
3. Skatt på eigedom	8 349 617	8 350 000	7 750 000	8 534 329
4. Andre skatter	6 325 919	6 100 000	6 100 000	5 974 023
5. Andre generelle statstilskot	8 590 761	5 743 000	5 743 000	11 236 788
6. Sum frie disponible inntekter	**122 040 665**	**118 193 000**	**117 593 000**	**122 046 434**
7. Renteinntekter og utbytte	5 289 993	5 141 000	5 141 000	4 130 543
8. Avdrag på utlån	74 146	0	0	1 695 924
9. Renteutgifter, provisjon o.a.	-1 373 558	-1 338 000	-1 338 000	-1 290 020
10. Nye utlån	-67 601	0	0	-27 500
11. Avdrag på lån	-3 592 814	-3 644 000	-3 644 000	-3 394 917
12. Netto finansinntekter/-utgifte	**330 166**	**159 000**	**159 000**	**1 114 030**
13. Dekning av tidlegare års meirfo	0	0	0	0
14. Til ubundne avsetningar	-4 220 000	-4 220 000	-2 720 000	-1 353 601
15. Til bundne avsetningar	-7 443 356	-6 250 000	-6 100 000	-8 186 135
16. Bruk av tidlegare års mindre fo	0	0	0	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	1 014 000	1 014 000	0	2 340 000
18. Bruk av bundne avsetningar	4 493 627	3 630 000	4 180 000	3 490 163
19. Netto avsetningar	**-6 155 729**	**-5 826 000**	**-4 640 000**	**-3 709 573**
20. Overført til investeringsrekn	**0**	**0**	**0**	**0**
21. Til fordeling drift	116 215 102	112 526 000	113 112 000	119 450 891
22. Sum fordelt til drift	115 265 507	112 526 000	113 112 000	119 450 891
23. Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	**949 595**	**0**	**0**	**0**

Rekneskapsskjema 1B – Driftsrekneskapen

Ansvar	Opprinneleg budsjett			Justera budsjett			Regnskap		
	Utgift	Inntekt	Netto	Utgift	Inntekt	Netto	Utgift	Inntekt	Netto
